

BOKN BYGDABLADET

NR. 9 - NOVEMBER 1991 - ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

HANDELSNÆRINGA PÅ BOKN: stabile forhold

Ved ei rundspørjing hos dei tre handelsbedriftene på Bokn får bygdabladet opplyst at det ikkje har vore store endringar i omsetning av daglegvarer den siste tida. Mange hadde frykta at det ville bli stor handelslekkasje til Tysvær og Haugesundsområdet når fastlandstilknytninga var realisert. Dette har tydelegvis ikkje skjedd. Her er ein situasjonsrapport:

BOKN HANDELSLAG:

Salet i 1991 har vore omtrent som i fjor.

Bokn Handelslag har nettopp gått inn i eit samarbeid med ei rekkje S-lag i Rogaland og Agder om faste lågprisar på ei rekkje daglegvarer. Styrar Annbjørn Sunde fortel til bygdabladet at dette omfattar 600 vareslag eller ca. 1/4 - 1/3 av heile varesortimentet på daglegvaresektoren. I tillegg kjører dei på faste veketilbud. Dette marknadsfører Handelslaget i eit flygeblad som går ut ein gong i veka. I tillegg er det bonus på daglegvarer med oppgjør ein gong i året.

Annbjørn Sunde seier at Bokn Handelslag gjer dette for å stå sterkare i konkurransen. Han meiner at det nå er lite å henta ved å handla andre stader enn i Bokn.

STEINAR ALVESTAD

seier til bygdabladet at hos han har omsetninga gått opp etter at fastlandssambandet blei åpna. Hos han var det særleg sommarsesongen som gjorde godt utslag på omsetninga.

Steinar Alvestad er med i K-EXTRA kjeden som kjører med nye daglegvaretilbud kvar 14. dag i tillegg til fast bonus på daglegvarer som blir oppgjort ein gong i året. Steinar Alvestad bringer elles varer til døra to gonger pr. veke.

Elles meiner Steinar Alvestad at Bokn kommune bør vera med og leggja tilhøva til rette for dei som driv handel, t.d. med god skilting, skikkelege vegar og adkomst m.v. Slike ting har ein del å seia når det gjeld spørsmålet om kor mykje ein skal satsa framover.

AUSTRE BOKN HANDELSLAG

har hatt 14% nedgang i omsetning frå i fjor. Dette meiner Styrar Eivind Øvrebø mest skuldast bortfallet av ferje og hurtigbåt. Det viser seg då også at omsetninga nå har stabilisert seg på dette nivået. Austre Bokn Handelslag har ved avtale med grossistar også lågare prisar på ein del varer.

TRAFIKKMENGDEN TVANG DET FRAM:

BEGGE STORFERJENE TIL BOKNSAMBANDET

Frå søndag den 27. oktober har Rogaland Kystferger sett inn storferja "Fjordvegen" i tillegg til "Stamvegen" i sambandet Arsvågen-Mekjarvik. Desse ferjene tar henholdsvis 145 og 180 personbileiningar (pbe).

Ferja "Skutvik" som tidlegare gjekk i Boknsambandet er frå same dato sett inn i Skudenessambandet.

Det er vegsjefen og samferdselsministeren som har avgjort at begge storferjene skulle gå i Boknsambandet. Årsaka er at det i lengre tid har vore ventetid i Boknsambandet p.g.a. for liten kapasitet, medan ferja i Skudenessambandet til dels har gått halvfull.

Slik sett er det trafikantane sjøl som har bestemt at Boknsambandet måtte ha dei største ferjene.



M/S "Fjordveien"

Frå ein utflytta boknar

For 40-50 år sidan var tilhøva for boknarane noko onnorleis enn i dag. Bokn var ein øy-kommune med små muligheter for ungdom. Det vart fiske og forefallande arbeid for det meste. Sambandet med omverda stod natrutra, "dampen" og mjølke-ruta for. Det er helst gamle "Gandal" og hugsar best i den trafikken. Mange unge flytte ut, gjerne til Stavanger-kanten eller vart vekependlar.

For 40 år sidan var eg og i den situasjonen at eg skulle velja yrke og livslei. Hermetikkfabrikken "Norena" og snikkerverkstaden til

Oskar Dirdal tvers over vegen, var dei to arbeidsstadene eg prøvde før og etter konfirmasjonsalderen. Men det var medan eg gjekk på Utgarden Fylkesskule skuleåra 1949/50 og 1950/51 at tankane om elektroutdanning melde seg. Bokn hadde på den tid ikkje elektrisk straum. Maskinane på "Norena" vart driven av ein dampmaskin frå 1873, og hos Oskar Dirdal tøffa ein 4-takts 8 hestekrefters "Gideon" oppfyringsmotor som drog bandsag og avrettarhøvel, helst ikkje baa samatundes. Etter vintrane på Utgarden gjekk

Frå ein utflytta boknar

vegen til Rubbestadnes yrkesskule i 1951/52, der eg tok eitt års utdanning i elektrikerfaget. Tankar om at Karmsund Kraftlag ville verta forlengde til Bokn var nok medverkande alt då.

Militårtenesta vart unnagjort i flyvåpenet i 1953/54, og på etter summaren 1954 kom ein elektiker frå Nærbø Handelslag til Bokn for å installera i husa til dei som ynskte det. Toralv Are var då styrar ved Nærbø Handelslag. Eg var med han og la inn lys, m.a. hos Jakob Torland, Nils Sæbø, Kristoffer Håland, Thomas Dirdal og Peder Ellingsen. Same hausten fekk eg tilbud om arbeid ved Nærbø Handelslag sin innstallasjonsavdeling, eit tilbod som eg tok imot. Og i januar 1955 reiste eg til Nærbø der eg har vore sidan.

Frå januar 1955 til nyttår 1966 var eg tilsett som elektriker ved Nærbø Handelslag, minus eitt års skulegang i Stavanger. I 1967 byrja eg som bedrifts elektriker ved Underhaugs Fabrikk a/s der eg var tilsett i 20 år. I 1960 vart eg gift med ei jente frå Bømlø, og me fekk oss eige hus i 1965. Me har to jenter og ein gut som alle er vaksne og flytte heimanfrå. Den eldste jenta er gift og har skaffa oss to barnebarn.

I dag er eg faglærer i elektrofag ved Tryggheim Videregående skole på Nærbø.

Skolen er ein kristen privat videregående skole, eigd og

driven av Stavanger krets av Norsk Luthersk Misjonssamband. Skolen gjekk over frå å vera folkehøgskole til videregående skole i 1983. Den har dette året 17 klassar

med om lag 360 elevar innen allmennfag, handverk og industrifag. 160 av elevane bur fordelt på 5 innternat. Me er i underkant av 40 lærerar.

Kva tilknytning har eg så til Bokn idag? Me er av dei som har sett fram til at bruene og ferjekaien på Are skulle koma.

Eg har eit gamalt hus på Trosnavåg som me har brukt som ferie- ds plass i vel 20 år, og som nå vil verta meir brukt enn før. Lengste reisetida frå Nærbø til Bokn med ferjer var ein gong 9 timar; ein time meir Amerikaflyet.! Og me har opplevd mange rare reisemåtar. I dag går turen unna på to timar. Vel kjenner eg ikkje så mange nå etter nærare 40 år hersør. Og steinane på kyrkjegarden på vestsida av vegen har for det meste berre kjende navn.

Bokn vil nok framleis verta den staden me reiser til i kommande år så lenge helsa held. For det er ikkje mykje som verkar meir avstressande på oss enn ein ferie på Trosnavåg. For ikkje å snakka om ein tur med båt og snøre i Karmsundet når småseien bit og sola går ned vest av Karmøy. Då kan dei ha all verdens sydenturar for meg.

Helsing
Henry Thuestad.

50 ÅRS KONFIRMANTFEST

Femti års konfirmantfest i Margrethe og Augustin sin heim 5. oktober 1991.

Eg våger å tru me melde vår ankomst fort for ikkje å bli for sein.

Me ser på kvar andre og lure på, så, det er slik me ser ut nå. Gled dykk me kjenne kvar andre igjen, berre me får tenkja litt om senn.

Mange av oss reiste tidleg ut frå heimen for å arbeid få, me visste så vel det var berre å stå på.

Skule blei det for nokon få, det var ikkje så lett å få lån i banken då.

Bokn vår barndoms øy, nå sitte me her og mimre og har det skøy.

Me prater og ler, spør og grev. Kor kjem du frå, er du ofte i Bokn nå.

Har du barn, barnebarn og kor mange. Samtalane blei lange.

Hugs nokon har me ikkje sett på femti år, men det kjennest som det var sist i går. Margrethe ønsker oss velkommen til bords, velkommen til koner og menner som er med. Det skulle bare vore fleire, men det er ikkje noko å gjera med det.

Kaffi og smørbrød er gode

mat, og om litt får me kake på vårt fat.

Det er gildt å samlast til femtiårsfest, det er herleg å vera gjest.

Me hadde vår egen sang, skriven av Olaug Hognaland.

Margrethe og Arne dette har fått i stand, me takker dei av heile vårt hjerte, med et godt trykk i hand.

Tida går så altfor fort. På ein-to-tre så er det gjort.

Når me tolv skilles i natt, håper me å få sjå kvar andre att.

Så var det namnet på konfirmantane for femti år siden og presten på den tiden.

Prest Værnes.

Solveig Vatnaland, Marta Gundersen, Liv Vatnaland, Margrethe Håland, Magnhild Jøsang, Anny Søndena. Agnes Jøsang (død), Herbjørg Kro, Arne Vatnaland, Bjørn Nedrebø, Kjell Sæbø, Alf Are, Magnus Vågshaug, Harald Grønnestad, Olav Håland, Daniel Våge (død).

Herbjørg

IDRETTSMORO FOR DEI MINSTE

Her vel ei veke sidan stilte Idrettsskulen i Bokn med to handballag i turneringa "Håndbakksirkel" i Håvik hallen på Karmøy.

Til saman var det 19 lag med på turneringa, og føremålet var at alle skulle ha det moro og læra. Dette er også noko av intensjonen for Idrettsskulen for dei små som er med, nemleg å bli glad i å bruka kroppen til aktivitetar heilt frå dei er små.

Idrettsskulen i Bokn har bortimot 40 barn frå 3 - 12 år.



SANITETSKVINNER PÅ KURS

Om barns og unges oppvekstkår

Studiekomiteen til Norske kvinners Sanitetsforening arrangerte kurs på hotell Residence i Sandnes 25.-27. oktober over emnet "Barns og unges oppvekstkår". Vi var 45 sanitetskvinner fra hele fylket som hadde en interessant og lærerik helg.

Første kveld var temaet Barns og unges oppvekstkår - hvems ansvar, ved dosent Inge Bø, Sosialhøgskolen, Stavanger. Andre dagen: Hvordan takler barn og unge fysiske skader - ved distr. lege Eivind Vestbø, Finnøy.

Hva med barn i familier der alkohol blir misbrukt - ved Ingrid Fagerheim, A-senteret, Stavanger.

Lørdagskvelden ble avsluttet med emnet Sorg og død - ved sykehusprest Leif Li Bjelland.

Kurset ble avsluttet søndag med gruppearbeid. Da fikk vi hvert vårt tema å samle oss om.

Eli og Reidun

HVA ER NKS?

Norske Kvinners Sanitetsforening har som formål:

- Å arbeide for en god helse
- Å støtte opp om sykepleien i bygd og by
- Å spre opplysning om og bekjempe tuberkolose, revmatisme, kreft, psykiske lidelser, krybbedød, og andre folkesykdommer.
- Å opparbeide syke- og nød-materiell.

Rogaland krets eier og driver NKS psyk. sykeheim, Bryne.
- Arrangerer ferie/seminar for eldre, barn og syke.

Haugesund sanitetsforening eier og driver revmatisesykehus og hudpoliklinikk.

Lokalforeninger driver:
17 barnehager/parker,
to 6-årsklubber, to fritids-hjem og fem eldresentre.
Eldreomsorg i en eller annen form.

STØTT VARE HJERTESAKER

NATT-ORIENTERING I UVER

40 orienteringsløparar var med på KM-nattorienteringsløpet som Bokn IL og Thuastad OL sto som arrangør for. Veret viste seg frå ei nokså ugjestmild side den 4.10 då løpet gjekk av stabelen.

Kartet var "Boknafjellet" (1:15.000) som er idrettslaget sitt einaste orienteringskart, og omfattar området Boknafjellet og områda nord og nordvest for dette.

Einaste løpar frå Bokn IL var Bjørn Jøsang, som vart nr. 2a

i åpen klasse, 3 km. Elles var det mykje løparar frå HIL som dominerte. Sandnes IL og Gjesdal og Tysvær gjorde seg også sterkt gjeldande.

Dette er det andre løpet Bokn IL har arrangert. Det er ikkje noko eiga orienteringsgruppe i Bokn IL. Det er difor godt gjort at det er personar innan idrettslaget som tar på seg slike oppgåver, men ei eiga gruppe for denne familieidretten hadde vel vore på sin plass?

REISE I BØKER



Reisa tar til i biblioteket !

Barne og ungdomsbokaksjonen
har "Reise i bøker" som tema i år.

De blir inviterte til ei gratis reise i biblioteka sine bokhyller.
Vi vil og ha utstilling av mange bøker, forfattarfoldere og
litteraturliste om temaet. I tillegg blir det konkurransar og
utdeling av bokmerke, ballongar og klistremerke.
Reis til biblioteket, da vel !

4.- 9. nov. 1991


Stig på! Ta plass!

- Vi ønskjer velkomen til spennande og eventyrlige reiser
i bøkene si verd. Bli med til andre verder og framande
kulturar, og møt menneske du elles aldri ville møtt.
Reisa kan starte nå, og ho kan vare livet ut...

- På biblioteket
- Utstilling av bøker
- Forfattarinformasjon
- Temainformasjon
- Bokmerker mm.
- Konkurransar

Reisa byr på:

- næring for fantasien
- spennande opplevingar og nye røynsler
- kunnskap om og forståing for verda rundt oss



Å lese høgt er å lese saman...

- Høgtlesing gir nye felles opplevingar og kunnskapar
for heile familien
- Det er hyggeleg å bli lese for, og det er hyggeleg
å lese for andre.
- Man gjer noko saman.

MEDISINSK NØDMELDINGSTENESTE

I HEILE FYLKET

Som nokre av dei siste kommunane vil i desse dagar også Bokn og Tysvær bli kopla til den medisinske nødmeldingstenesta som omfattar heile Rogaland.

Nødmeldingstenesta skal innan ei viss tid dekkja heile landet, og skal gjera det sikrare, enklare og betre for folk å få hjelp i nødsituasjonar.

I Rogaland vil det bli to større sentralar (AMK-sentralar) som skal kunna koordinera hjelpetenesta i t.d. meir omfattande hjelpeaksjonar, og ved livstruande tilstandar. Desse ligg ved Fylkessjukehuset i Haugesund

og ved Sentralsjukehuset i Stavanger. Viss ein ringer 003 frå Bokn så får ein AMK sentralen i Haugesund. Denne har spesialutdanna sjukepleiarar som kan rettleia den som ringer medan dei samstundes kan dirigera ambulansbil, lege eller anna helsepersonale der det trengst. Dei kan ha direkte kontakt med legevaktsentralen t.d. i Bokn.

I Bokn er det også oppretta eigen legevaktsentral ved sjukestova som kan ta direkte kontakt med lege, ambulansbil eller AMK sentralen i Haugesund om det skulle vera nødvendig. Ein kan frå desse sentralane også kontakta legehelikopter.

AMBULERANDE VAKTMEISTER

Bokn kommune har ei ordning med 50% moderasjon for alderspensjonistar og funksjonshemma ved transport med drosje innan kommunen. Ein betalar full pris til drosjen og får refundert halvparten ved å levera rekninga til sosialkontoret.

Ordninga må ikkje forvekslast med refusjon av reiseutgifter i samband med undersøking hos lege, på sjukehus o.l. som dekkest av trygdekontoret.

TRANSPORT FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

Bokn kommune har ei ordning med ambulerande vaktmeister for eldre og funksjonshemma. Vaktmeisteren skal kunna gjera småreparasjonar ute og inne.

Ei forutsetning for å få hjelp er at heimane sjøl ikkje kan klara å løysa dei aktuelle oppgåvene. Bestilling av oppdrag skjer til sosialkontoret. Eigenandel som for heimehjelp.



**BOKN
KOMMUNE**

LEGEVAKTSENTRALEN

I BOKN

ÅPNAR MÅNDAG 4/11 KL. 12.00.
telefonnummer: 74 85 22
Gjeld øyeblikkeleg hjelp

Legevaktsentralen er bemanna
heile døgeret

Ved livstruande tilstandar og
ulukker kan ein ringa 003 som
er til AMK SENTRALEN ved
Fylkessjukehuset i Haugesund.

Vanlege henvendelsar til
Bokn sjukestove er som før:
tlf. 74 85 00

TYSVÆR BYGDEBLAD MED OPPSLAG OM KOMMUNESAMANSLÅING

Stort oppslag i Tysvær Bygdeblad den 24. oktober:

-Rådmannen i Bokn, Jan Erik Nygaard:

-Ser ikkje bort frå at Tysvær og Bokn blir slått saman før år 2000.

Dette sto det å lesa i Tysvær sitt bygdeblad den 24. oktober.

Ordføraren i Bokn og andre framstående politikarar har ved fleire høve uttalt at dei ikkje ser på kommunesamanslåing som aktuelt eller ynskjeleg. Skal det bli ei samanslåing må det koma som ei dirigering frå "høgare makter". Det same har også politiske parti i Bokn med i programma sine.

Heller ikkje frå seriøst ansvarleg politisk hald i Tysvær har det kome signal om at dei ynskjer samanslåing av Bokn-Tysvær.

Rådmann Jan Erik Nygaard i Bokn opplyser at det var Tysvær Bygdeblad som tok kontakt for eit intervju om kommunesamanslåing, og som ut frå dette gjorde stort oppslag. Rådmannen seier at kommunesamanslåing Bokn - Tysvær ikkje har vore på diskutert i Bokn utanom dei signala som har vore gitt i kommuneplanar og i partiprogram om at kommunen ynskjer å halda fram som eigen kommune.

Det han har gitt uttrykk for til Tysvær Bygdeblad, går såleis ut på at dersom det såkalla Kristiansenutvalet som skal leggja fram ein rapport om samanslåing av kommunane i landet kjem fram til at alle mindre kommunar

skal samanslåast med større, og dei statlege rammeoverføringane vert nedskorne, kan det tvinga seg fram kommunesamanslåingar utan at innbyggjarane kan gjera noko frå eller til.

TERJE SKRIV FOR BYGDABLADET

Terje Are som arbeider 12 timar i veka i kommunen, har nå fått datautstyr slik at han skriv ein del for administrasjonen, m.a. for bygdebladet.

I dette nr. har han m.a. skrive artikkelen "Frå ein utflytta boknar inn på data slik at me kunne nytta det til bygdebladet.



BOKN KOMMUNE

Bokn helse- og sosialstyre har midlar som skal gå til styrking av leiarersituasjonen i lag og foreningar for barn og unge. I praksis vil det seia at ein ynskjer å gi ei oppmuntring og ei støtte til leiarane i form av pengar til for den innsatsen dei gjer når det gjeld å aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreningane som har fleire leiarar må dela tildelte midlar mellom desse. Søknadskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

SØKNADSRIST: 12. NOV. 1991.

TV -AKSJONEN I BOKN

40 kroner pr. innbyggjar

kr. 29.661 kom inn ved TV-aksjonen i Bokn i forrige måned. Det vil seia ca. kr. 40,- pr. innbyggjar. Her er innkludert ei løyving på kr. 5.000,- frå kommunen.

Inntektene gjekk i år til funksjonshemma i utviklingsland.

I Bokn var det speidaren som sto for sjølve innsamlinga. Kommunekomiteen vil retta ein hjarteleg takk til speidaren med leiarar for fin innsats.

BOKN SANITETSFORENING

Den årlege adventsfesten for eldre vil i år bli halden rett etter nyttår - ca.8.jan.

KONTINGENT

Kontingenten for Bokn Sanitetsforening vil for 1992 gå litt opp. Den vil bli: Kr. 75,- for ektepar
Kr. 55,- for enkle

IKKJE 14, MEN 13 HJORTAR

Det er 13 og ikkje 14 hjortar det er fellingsløyve på i Bokn. I forrige nr. av bygdbladet var det ved ein feil skrive 14.

SLEKTERS GANG

Bokn Bygdablad vil frå neste nr. ha ein spalte med oversikt over dødsfall. Det har særleg frå utanbygds abonentar vore etterspørsel etter dette.

BOKN TRYGDEKONTOR



REISE- OG OPPHOLDSUTGIFTER


Folketrygden dekker vanligvis reiseutgifter i forbindelse med undersøkelse og behandling hos lege, på sykehus eller annen helseinstitusjon. Forutsetningen er at behandlingen dekkes av folketrygden. Reisegodtgjørelsen dekkes som regel ved transport på billigste måte. Men du kan bruke drosje. Legen din må i så fall attestere at det er nødvendig på grunn av din helsetilstand. Hovedregelen er at trygdekontoret refunderer reiseutgiftene til lege eller sykehus mot en egenandel på 60,- kroner tur/retur (1991).

Bruk av egen bil

Du får en kilometergodtgjørelse på 1,10 kroner (1991) ved bruk av egen bil i forbindelse med slike reiser. Ambulansetransport er gratis.

Ledsager

Hvis pasienten er barn eller på grunn av sin helsetilstand trenger følge under reisen, får ledsageren dekket sine oppholdsutgifter. Reiseutgiftene dekkes i så fall også fullt ut. Nødvendig ledsager får erstattet legitimert tapt arbeidsinntekt. Hvis ledsageren ikke er nær pårørende og ikke taper arbeidsinntekt, kan han eller hun likevel få en mindre godtgjørelse.



Kost og losji

Du får kostgodtgjørelse "hvis den effektive fraværstiden fra hjemmet" overstiger 12 timer. Kostgodtgjørelsen er for tiden 100 kroner pr. døgn (1991). Utgifter til losji dekkes mot kvittering inntil 140 kroner (1991) pr. døgn hvis overnattingen har funnet sted på hotell, pensjonat, gjestgiveri e.l. Hvis du ikke har kvittering, gis det losjigodtgjørelse på 20 kroner pr. døgn. Hvis oppholdet varer seks døgn eller mer sammenhengende der undersøkelsen eller behandlingen foregår, kan du få refundert nødvendige utgifter til kost og losji på inntil 185 kroner pr. døgn (1991). Hvis du kan dokumentere at utgiftene dine overstiger dette beløpet, kan trygdekontoret gi dispensasjon for denne stønadsgrensen og dekke utgifter inntil 240 kroner (1991). Du må i så fall også dokumentere at det ikke var mulig å finne billigere losji eller betale mindre for kosten.

FRIGIVELSE AV SMS:

FRA 2. OKTOBER GIR VI DEG GUNSTIG RENTE PÅ SMS-PENGENE DINE. PENGENE PÅ SMS VIL DA AUTOMATISK FÅ DE SAMME BETINGELSER SOM SR-HØYRENTEKONTO. RENTEN PÅ SR-HØYRENTEKONTO ER FOR TIDEN 8,5% ALLEREDE FRA FØRSTE KRONE!

NB! Inngå en fast spareavtale fra lønnskonto til SR-Høyrentekonto. Det gir deg penger i bakhånd, og økt økonomisk trygghet. Snakk også med våre kunderådgivere om råd hvordan SMS pengene dine kan komme til nytte.



Me takkar for å ha blitt valde som ny brødleverandør
for Bokn Handelslag (Når dei måtte skifta brødleverandør
p.g.a. transportproblem).

Vår oppgåve er i samarbeid med Handelslaget å gje kundene
deira dei rette produkta av rett kvalitet og pris, til rett
tid.



HAUGE & LINDAAS AS

BAKERI — KONDTORI — 5501 HAUGESUND
TELEFON (047)14 400

PS: Gjennom Bokn Handelslag får de også levert kaker
til alle anledningar.

Bokn Handelslag

600 faste lågprisar på dei mest aktuelle varene
I tillegg ekstra tilbud kvar veke
Sjå utsent flygeblad

Brød - fast lågpris: grove - fine fransk - heilkorn - kr.8,90
Eitt tilbudsbrød kvar veke - kr.6.90
Alle andre brødsortar fast lågpris - kr.10,90

Gode tilbud i bakevareavdelinga på kaffimat - boller -
- julebrød - skuleboller m.m.
Rundstykke kr.0,90 -

Ferske brød og bakevarer i begrensa utval på lørdagar

Demonstrasjon m/smaksprøvar av brødvarer torsdag den
7.november kl. 13.00 - 16.30



Bokn Handelslag



BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR. I NOVEMBER

- 15.11: Fellesarr. Pensjonistfor./Folkeakademiet.
Kunngjering i posten.
17.11: Familiemøte Bokn bedehus kl.16.00. Besøk frå Misjonskyrkja i Stavanger.
23.11: Dans. Arr: Idrettslaget
30.11: Julemesse/Auksjon.
Messa opnar kl.10.00
01.10: Julekonsert
ca.kl.14.30
Arr: Bokn skulekorps og Bokn Brass

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE

10.november
24.november
8.desember



GUDSTENESTER:

17.november. Utdeling av "Mi kyrkjebok"

FOTPLEIE

Det blir fotpleie måndag den 11.november. Påmelding til sosialkontoret tlf 74 85 00.

TIL SALGS:

Thermopanvindu 2,50x1,60 til salgs. tlf. 74 85 33.

VIL DU UT I ARBEID?

KURS FOR ARBEIDSSØKJARAR

To representantar frå arbeidskontoret for Karmøy & Bokn vil fredag den 15. november gjennomføra eit såkalla "søke - jobb - kurs" og orientera om arbeidskontoret sine tenester og service.

Kurset er gratis, og er ope for alle, også for heimearbeidande som ynskjer orientering om kva muligheter som fins dersom dei ein gong seinare kan tenkja seg å søkja arbeid.

Fredag 15.11. kl 09.30-14.30 på Allrommet, Boknatun. Interesserte bes melda seg på i tlf. 74 85 00 innan tirsdag den 12.11. Det vert enkel servering.



BOKN KOMMUNE

BARNEHAGEPLASS

Bokn barnehage får ledige plassar frå 01.01.92. Søknad om plass vert å senda Bokn barnehage, 4290 Bokn innan 08.november 1991. Fleire opplysningar og søknadsskjema får ein ved å venda seg til barnehagen.

Ove Alvestad
styrar

LEDIG STILLING

VIKAR HEIMEHJELP

Det er ledig vikariat for heimehjelp straks. Kontakt Gunn Grønnestad eller Marie L. Faye tlf. 74 85 00 snarast.